
Saksnr: 2020/77152-83
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 15.10.2021

Tilleggsnotat - uttale RMNF - bybanen frå sentrum til Åsane

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sette saka PS 34/21 «Uttale - bybanen frå sentrum til Åsane» på sakskartet i møtet 13.10.21, og vedtok følgjande uttale:

«RMNF har ikkje merknader til trasévalet for bybanen når det gjeld kulturhistoriske konsekvensar eller økonomi. Uttalen vår er avgrensa til omsynet for menneske med nedsett funksjonsevne si tilgjenge og bruk av bybanen.

Vi legg til grunn at reisetid er tida ein bruker på å forflytte seg til haldeplass + tida det tar å reise med bybana. Derfor vil reisetida for menneske med ei form for rørslehemming bli lengre om ein vel tunnel-alternativet. Fordi ein av dei mest sentrale stoppeplassane skal vere underjordisk og ikkje på / ved Torget. Det vil sjølvsagt også vere fysisk tyngre og meir krevjande å kome seg til/frå ein underjordisk haldeplass enn det vil vere for ein haldeplass i dagalternativet.

For andre grupper, t.d. blinde/svaksynte, vil det å finne fram til haldeplassen kunne vere meir utfordrande, og krevje svært god merking. Også her vil dagalternativet vere enklare enn ved tunnelalternativet.

Eit tilleggsmoment vil vere at evakuering av menneske med nedsett funksjonsevne vil vere svært krevjande i tunnel og underjordisk haldeplass. Ein bør difor ha mest mogleg av bana i dagen.

RMNF tilrår derfor at dagalternativet vert valt.»